

Jostein Helgesen Hellestveit
Mongstadvegen 665
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3433 - 21/27152

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 122/2 Hellestveit

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 122/2
Tiltakshavar: Jostein Helgesen Hellestveit

Vi viser til søknad om arealoverføring mottatt 15.04.2021.

Vi har gjennomgått søknaden, og finn at vi treng fleire opplysningar for å ta saka til handsaming. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Arealet er for stort til at det kan handsamast som grensejustering. Om lag 400m². Saka vert derfor handsama som arealoverføring. Arealet er sett av til LNF formål (Landbruks-, natur- og friluftformål) i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, planid: 1263-200905. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformålet for tilleggsareal til bustadtomba gbnr 122/3. Søknad om dispensasjon skal vera grunngeven. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#). Legg også ved skriv med opplysningar kring dispensasjon.
- Søknad om arealoverføring og dispensasjon skal nabovarslast. Kvittering for nabovasling samt gjennpart av nabovarsel må sendast inn.

Når me har motteke etterspurde opplysningar vil saka verta sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og til landbrukskontoret i Alver for handsaming etter jordlova. Deretter vert saka handsama etter plan- og bygningslova.

Frist for innsending av tilleggsopplysningar er 23.05.2021. Dersom opplysningane ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Jostein Helgesen Hellestveit

Mongstadvegen 665

5955

LINDÅS